

Tabell 3-fk

Anslag på frie inntekter i 2014. Fylkeskommunane

Tabell 3 viser anslag på vekst i frie inntekter for fylkeskommunane frå 2013 til 2014. Som frie inntekter reknast her inntektsskatt (inkl. naturressursskatt) og rammetilskot. Tabellen viser veksten etter anslag på rekneskap 2013. Alle tala er i nominelle kroner. Prisveksten i kommunesektoren i 2013-2014 er anslått til 3,0 pst.

Skatteinntektene, inkl. skatteutjamning, er den storleiken det er knytt mest uvisse til i veksten. Skatteinntektene blir anslått ut ifrå det samla skatteanslaget 2013 og 2014 for fylkeskommunane, og fylkeskommunane sine skatteinntekter i 2012. For skatt på inntekt tek ein for kvar fylkeskommune utgangspunkt i skatt per innbyggjar i 2012, framskrive med innbyggjartalet i 2013. Ut ifrå skatt 2012 framskrive med innbyggjartal 2013, blir det rekna ut kva del som kvar fylkeskommune får av berekna samla skatt. Den delen blir nytta til å fordele samla skatteanslag på inntekt mellom fylkeskommunane både for 2013 og 2014. I skatteanslaget er anslag på skatteutjamning inkludert.

I berekninga blir naturressursskatten halde konstant, dvs. på 2012-nivå (inntektsåret 2011).

Tala for rammetilskot 2013 er henta frå nivå ved revidert nasjonalbudsjett 2013. Rammetilskotet for 2014 er vist i tabell 1-fk.

Sidan ein her antar at skatteinntektene berre varierar med innbyggjartalet, vil avvik frå veksten på landsbasis berre skuldast endringar i rammetilskotet frå år til år.

For å gjere tala samanliknbare, noko som er ein føresetnad for å kunne berekne veksten, blir frie inntekter for 2013 korrigererte for oppgådeendringar, regelendringar og innlemmingar av øyremerka tilskot i 2014.

Veksten i frie inntekter 2013 – 2014 blir berekna frå anslag på rekneskap for 2013. Ny informasjon om skatteinngangen dei siste månadene trekkjer i retning av høgare vekst i skatteinntektene til kommunesektoren i 2013 enn det som er lagt til grunn ved framlegginga av revidert nasjonalbudsjett 2013. Skatteanslaget for fylkeskommunane for 2013 er oppjustert med 350 mill. kroner samanlikna med nivået i revidert nasjonalbudsjett. Fylkeskommunane får behalde dei ekstra skatteinntektene i 2013. Skatteanslaget for 2014 er 28,2 mrd. kroner. Inntektsveksten frå 2013 til 2014, anslag rekneskap, er nominelt 4,0 prosent. Inntektsveksten rekna frå anslag revidert nasjonalbudsjett 2013 er 4,6 prosent.

100 mill. kroner i ufordelt skjønn i 2013 og 2014 er ikkje inkludert i vekstberekninga for kvar fylkeskommune, men i landssummen.

Kolonne 1 – Anslag på frie inntekter i 2013

Kolonne 1 viser frie inntekter etter anslag på rekneskap for 2013. Skatteinntektene til fylkeskommunane er framskrivne i samsvar med skatteanslaget for 2013 som ligg i nasjonalbudsjettet for 2014, med ein lik vekst for alle fylkeskommunane. Samanlikna med skatteanslaget i revidert nasjonalbudsjett 2013 medfører dette ei oppjustering på 350 mill. kroner.

Kolonne 2 – Anslag på oppgåvekorrigerede frie inntekter i 2013

Inntektene i kolonne 2 er anslag på rekneskap korrigerert for oppgåveendringar, regelendringar og innlemming av øyremerkte tilskot. Det er tatt utgangspunkt i det same anslaget som i kolonne 1. Oppgåveendringane det er korrigerede for er nærare omtalt i tabellane B-fk og C-fk.

Kolonne 3 – Anslag på frie inntekter i 2014

Kolonne 3 viser anslag på frie inntekter i 2014. Rammetilskotet til fylkeskommunane, eksklusive skatteutjamninga, er henta frå kolonne 4 i tabell 1-fk. Ved berekninga av anslag på skatteinntektene til fylkeskommunane har departementet tatt utgangspunkt i fylkeskommunane sine skatteinntekter i 2012. Dette er framskrive i samsvar med befolkningsutvikling og skatteanslaget for 2013 og 2014 som ligg inne i nasjonalbudsjettet for 2014. Skatteanslaget for den enkelte fylkeskommune er deretter lagt til grunn for berekninga av skatteutjamninga.

Kolonne 4 – Anslag på korrigerert vekst frå 2013 til 2014

Kolonne 4 viser anslag på oppgåvekorrigerert vekst i frie inntekter frå anslag på rekneskap 2013 til 2014 for den enkelte fylkeskommune (kolonne 3 – kolonne 2).

Kolonne 5 – Anslag på korrigerert vekst i pst. frå 2013 til 2014

Kolonne 5 viser prosentvis oppgåvekorrigerert vekst frå anslag rekneskap 2013 til 2014.